



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Atle Mariussen
Dalland 62 a
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/547 - 14/4705

Saksbehandlar:
Øyvind Hatleli
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Landbrukssak Gbnr 37/8 Dalland - søknad om bygging av landbruksveg - sakshandsaming

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 37/8 i Radøy kommune.

Sakshandsaming:

Det vert søkt om bygging av landbruksveg i klasse 7 og 8. Vegen skal vere om lag 450 meter lang, der 50 meter er ombygging. Byggjekostnad er berekna til 100 000 kr., transportgevinst er 150 000 kr. (jordbruk og skogbruk) og sum transportgevinst 50 000 kr. Vegen skal gje tilgang til nytt beiteområde og lette bruken av området generelt.

Ved handsaming av søknader om bygging av landbruksveg skal ein nytte *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200, og *Lov om forvaltning av naturens mangfold* LOV-2009-06-19-100 (Naturmangfaldlova) dersom tiltaket kan påverke særskilte natur- eller miljøverdiar. Ved handsaming etter forskrifta skal ein ta omsyn til konsekvensane tiltaket vil ha på naturmiljø, landskapet, kulturminner og friluftsliv.

Det er ingen særskilte natur- eller miljøverdiar som ein må ta omsyn til ved bygging av vegen. Deler av området er registrert som leveområde for hjort, men verken vegen eller auka bruk av området vil påverke dette i nemneverdig grad. Vegen kjem i eit typisk jordbruksområde, og vil ikkje påverke landskapet på anna måte. Friluftslivet vert heller ikkje påverka av tiltaket.

Søknaden vart sendt på uttale til Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemyndigheit. Det har ikkje kome uttale på saka, men dersom det under arbeidet skulle dukke opp kulturminner av forhistorisk verdi skal Hordaland fylkeskommune kontaktast og alt arbeid stogkast til dei har vore på plassen

Det skal i fylgje forskrifta leggjast vekt på å finne gode heilheitsløyningar uavhengig av eigedomsgrenser. Vegen skal også vere rasjonell og rekningsvarande for landbruksareala den

løyser ut. Veggen er naudsynt får å få ei rasjonell utnytting av areala, og vil vere rekningsssvarande for drifta på garden.

Landbrukskontoret finn at ein kan gje Atle Mariussen løyve til å byggje landbruksveg på gnr/bnr 37/8 i Radøy kommune

Vedtaket:

Atle Mariussen får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 37/8 i Radøy kommune.

Vilkår for løyvet:

- Dersom det under arbeidet skulle dukke opp kulturminner av forhistorisk verdi skal Hordaland fylkeskommune kontaktast og alt arbeid stogkast til dei har vore på plassen.
- Veggen skal leggjast fint i terrenget, og eventuelle skjeringar skal jordslåast og såast i.
- Veggen skal byggjast slik kartskissa syner.

Vedtaket er gyldig til 15.05.2017

Vedtaket har heimel i *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål* FOR 1996-12-20 nr 1200. Vedtaket kan klagast på jf. forvaltningslova § 28, innan tre veker frå vedtaket vart motteke. Klagen skal stilast til fylkesmannen, men sendast til kommunen.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland -
Landbruksavdelinga

Postboks 7310 5020

BERGEN

Mottakere:

Atle Mariussen

Dalland 62 a

5936

MANGER